STUDENT PARLAMENTET VED HØGSKULEN I VOLDA · SI VOL DA · STUDENTSAMSKIPNADEN I VOLDA · PB 278 · 6101 VOLDA · HØGSKULEN I VOLDA

# Vedtekter – Pris for internasjonalisering

## § 1 Føremål

Pris for internasjonalisering delast kvart år ut til eit studentlag, ~~eller~~ studentorganisasjon eller studentfestival i Volda som har gjort ein spesielt god innsats for å inkludere internasjonale studentar. Føremålet med prisen er at lag og organisasjonar skal skape ein arena der norske og internasjonale studentar kan knyte kontakt og venskap, og skape breiare kontakt mellom norske og internasjonale studentar.

Prisen skal fungere som et insentiv og gje motivasjon og positiv merksemd til lag- og organisasjonar slik at dei vil jobbe meir aktivt for å inkludere internasjonale studentar.

## § 2 Jury for prisen

~~Studenttinget~~ Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda har det overordna ansvaret for prisen. Juryen for Pris for internasjonalisering er sett saman med ein representant frå kvar av dei følgjande fem einingane: ~~slik:~~

- ~~Studenttinget~~ Studentparlamentet i Volda v/ internasjonalt ansvarleg ~~og velferdsansvarleg~~
- Internasjonalt kontor ved Høgskulen i Volda ~~v/leiar~~
- Studentsamskipnaden i Volda ~~v/assisterande direktør~~
- Pangaia
- Rektoratet ved Høgskulen i Volda

~~Juryen har sjølv ansvar for å kalle inn til møter, vurdere søknadane og velje ein vinnar. Vinnaren må være bestemt innan slutten av januar kvart år.~~

## § 3 Juryarbeidet og n~~N~~ominasjon av kandidatar

Internasjonalt ansvarleg i Studentparlamentet leiar juryarbeidet og kallar juryen inn til første møte. Juryen har ansvar for å gjennomføre nominasjon, vurdere kandidatar og velje ein vinnar. Vinnaren må vere bestemt innan slutten av januar kvart år.

~~Studenttinget i Volda, v/ internasjonalt ansvarleg har ansvar for å avvikle nominasjonsprosessen og kalle inn til første jurymøte når fristen for nominasjon er ute.~~

Alle studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda kan nominere lag- og organisasjonar. Studentorganisasjonar kan også nominere seg sjølv. Framlegg til kandidatar må innehalde namn og kontaktinformasjon til både den som nominerer og den som blir nominert, samt ei grunngjeving for kvifor dette laget/organisasjonen bør få prisen.

**Formatert:** Nummerering: Fortløpende

**formaterte:** Skrift: 11 pkt, Ikke Fet

## § 3 Kriterium for tildeling

Alle studentlag- og organisasjonar tilknytt Høgskulen i Volda kan vinne prisen, så fremt medlemsmassen består av minst 80 % studentar. Prisen kan delast på fleire lag- og organisasjonar. Prisen kan ikkje delast ut til same lag eller organisasjon to år på rad. Ved tildeling av prisen skal det leggjast vekt på fylgjande moment:

- Innsats for å skape arenaer for kontakt, mangfald, inkludering og trivsel mellom norske og internasjonale studentar ved høgskulen ~~mellom norske og internasjonale studentar~~
- Tiltak og tilrettelegging slik at internasjonale studentar lett blir rekruttert, får innpass og blir inkludert i studentorganisasjonen sine ordinære aktivitetar
- Aktivitetar og tiltak som fremjar eit godt studentmiljø på tvers av språk og kultur
-

~~Alle lag~~ Studentorganisasjonane må vurderast ut i frå sin eigen storleik, kapasitet og ressursar. ~~og organisasjonar skal vurderast likt, uavhengig av storleik og ressursar.~~

Juryen kan velje å ikkje dele ut prisen dersom dei ikkje får inn kandidatar som oppfyller tilstrekkjeleg av kriteria for prisen.

## § 5 Utdeling av prisen

Utdeling av prisen skjer vanlegvis under Internasjonal dag ved Høgskulen i Volda, som er i byrjinga av februar kvart år.

## § 6 Finansiering

Pris for internasjonalisering består av eit pengebeløp på kr 10 000, saman med eit diplom med grunngjeving for tildelinga. Prisen er finansiert på fylgjande måte:

- 5 000 kr frå ~~Studenttinget~~ Studentparlamentet i Volda
- 2 500 kr frå Internasjonalt kontor
- 2 500 kr frå Studentsamskipnaden i Volda

## § 7 Endring av vedtektene

Vedtektene for Prisen for internasjonalisering er opne for endring ved 2/3 fleirtal i ~~Studenttinget~~Studentparlamentet.

*~~Sist endra i Studenttinget 21.03.18~~*
*Sist endra i Studentparlamentet 29.11.22*